

SVEIO KOMMUNE
Postboks 40
5559 SVEIO

Dato	05.01.2023
Vår referanse	2022/96724-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Trond Olav Wahl
E-post	Trond.Olav.Wahl@vlfk.no
Telefon	40916223

Bremnes Seashore AS - Søknad om utviding av maksimal tillaten biomasse på lokalitet Tittelsnes i Sveio kommune

Vestland fylkeskommune send med dette kopi av søknad motteke 06.12.2022 frå Bremnes Seashore AS om utviding av maksimal tillat biomasse på lokalitet Tittelsnes i Sveio kommune

Bremnes Seashore søker med dette om flytting av MTB frå lokaliteten Kvernaneset – maksimal tillaten biomasse (MTB) på 2 340 tonn i Sveio kommune til lokalitetane Tittelsnes (MTB 780 tonn) og Loddetå (MTB 780 tonn) i Sveio kommune, samt lokaliteten Svollandsneset (MTB 780 tonn) i Vindafjord kommune.

Denne konkrete søknaden gjeld utviding på lokalitet Tittelsnes i Sveio kommune.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Søkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta.

Dersom berørte parter meiner at tiltaket kan få vesentlege verknader, og disse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter utlysing.

Vi minner om at det er fagmynde for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innafor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen.

Høringsparten må eventuelt konkretisere kva tilhøve som bør undersøkast nærare.

Vestland fylkeskommune ber om at Osterøy kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Med helsing

Trond Olav Wahl

seniorrådgjevar

NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift